



Arkivnr: 2014/10505-9

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Konkurransetsetting av revisjonstenester for Hordaland fylkeskommune

Bakgrunn for saka:

Noverande avtaleperiode for revisjonstenester for Hordaland fylkeskommune er vedteke å gjelda til og med rekneskapsåret 2016 er revidert, det vil seie til og med 30.6.2017. Frå 1.7.2017 skal revisor i ny avtaleperiode vera på plass.

Fylkestinget Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak 61/15 i møte 13.10.2015:

- Fylkestinget vedtek å nytta eit av to opsjonsår, jmf. avtale om revisjonstenester mellom Hordaland fylkeskommune og Deloitte AS. Det inneber at Deloitte sitt oppdrag vert lenga tom. 30.06.2017.*
- Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2017. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:
 - Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument
 - Knytta til seg naudsynt hjelp.
 - Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor fylkestinget på val av revisor.*

Drøfting:

Når opsjonstida er ute må ein ha ny konkurranse, for å følgja regelverket om offentleg innkjøp.

Kontrollutvalet er av lovgjevar tildelt ein sentral plass med denne prosessen.

"Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner", §16, 2. lekk, er slik:

"Dersom kommunestyret eller fylkestinget vedtar å konkurransetsette hele eller deler av revisjonen, foretar kommunestyret eller fylkestinget selv valg av revisor etter innstilling frå kontrollutvalet".

Departementet sine merknader til §16, 2. lekk, er slik:

”Det er kontrollutvalget som innenfor de rammer som konkurranselovgivningen setter – herunder regelverket om offentlige anskaffelser og om offentlig støtte – forbereder sak om valg av revisor for kommunestyret eller fylkestinget”

Kontrollutvalet står fritt til å knytte til seg naudsynt ekstern hjelp i arbeidet med konkurranseutsetting av revisjonstenestene, jfr. fylkestingsvedtak 61/15 pkt. 2.

Proessen:

Det er nyttig å sjå føre seg kva prosess som skal gjennomførast før det er avklart kven som skal vera kommunen sin revisor i neste avtaleperiode. Prosessen kan skisserast i skjema nedanfor, der dei ulike trinna går fram, og der det går fram kor lang tid som trengst i kvar fase.

Aktivitet	Dato
Vedta prosess og aktør for gjennomføring i KUV	21.06.16
Godkjenna tilbodsdocument i KUV	31.08.16
Utlysing på «Doffin»	Primo oktober 2016
Frist for spørsmål til tilbodsdocumentet	Etter gjeldande reglar
Tilbodsfrist	Medio november 2016
Tilbodsopning	Medio november 2016
Tilbodsevaluering	November/Desember 2016
Handsaming av innkomne tilbud i KUV	Medio januar 2017
Tilråding til fylkestinget i KUV	Medio februar 2017
Handsaming i fylkestinget	Mars 2017
Melding om tildeling	April 2017
Karensperiode	14 dagar
Kontraktsignering	Mai 2017
Start kontraktsperiode	01.07.2017

Aktuelle aktørar:

I samband med konkurranseutsetting av revisjonstenestene i Hordaland fylkeskommune i 2007 og 2012 var det sekretariatet, saman med innkjøpsfagleg kompetanse utlånt frå innkjøpsseksjonen i fylkeskommunen, som hjalp kontrollutvalet med innkjøpsprosessen.

Sekretariat har etter kvart brei røynsle frå slikt innkjøpsarbeid. Vi er sekretariat for 15 kommunar og fylkeskommunen. 10 av desse kommunane har i dag konkurranseutsett revisjonstenestene og sekretariatet har bistått i konkurranseutsettinga i alle desse kommunane. For nokre av kommunane fleire gonger, seinast for 5 kommunar i 2015/2016.

I dette arbeidet har innkjøpsavdelinga i Hordaland fylkeskommune vore konsultert, m.a. når det gjeld juridisk innkjøpsfagleg kompetanse. Det som då er viktig er at den som utfører arbeidet må vera fristilt i høve til den fylkeskommunale administrasjonen, og skal rapportera direkte til kontrollutvalet, via sekretariatet. Fylkesrådmannen, som i realiteten er den som vert revidert, må ikkje ha instruksjonsmynde overfor innkjøparen i denne konkrete saka.

På bakgrunn av dette er det naturleg at sekretariatet også denne gongen bistår kontrollutvalet i prosessen med konkurranseutsetting av revisjonstenestene i Hordaland fylkeskommune. Vi har difor avklart at vi kan få låne ein jurist med innkjøpsfagleg kompetanse frå innkjøpsseksjonen i fylkeskommunen til å hjelpe oss med dette arbeidet. Dei har vore involvert i mange av innkjøpa av revisjonstenester som sekretariatet har hatt ansvar for og har soleis god erfaring på dette feltet.

Sekretariatet har også, etter snart 10 år med kommunar som har konkurranseutsett revisjonstenestene, god røynsle med å sjå korleis avtalar med revisjonsfirma fungerer i praksis, og å følgja desse opp.

Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber sekretariatet, saman med innkjøpsfagleg kompetanse utlånt frå innkjøpsseksjonen i fylkeskommunen, om å bistå seg i prosessen med å konkurranseutsette revisjonstenestene i Hordaland fylkeskommune for ny periode.

Forslag til vedtak

1. Det skal gjennomførast ny konkurranse av revisjonstenester for Hordaland fylkeskommune med sikte på at ny kontraktsperiode skal gjelda frå 01.07.2017.
2. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet, saman med innkjøpsfagleg kompetanse utlånt frå innkjøpsseksjonen i fylkeskommunen, bistår seg i prosessen med innkjøp av revisjonstenester for ny periode.
3. Bistanden omfattar:
 - utarbeiding av forslag til tilbodsdokument
 - kunngjering, protokollføring
 - evaluering av innkomne tilbud
 - varsel om tildeling
 - utarbeiding av utkast til kontrakt og deltaking i naudsynte samråingsmøter
 - samt aktuelle møter i kontrollutvalet og fylkestinget
 - ev. klagebehandling
4. Forslag til konkurransegrunnlag skal leggjast fram for kontrollutvalet til godkjenning i møte 31.8.2016.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.